



Harald Sætre presenterar eit Uskedalen-foto i ferjeboka.

Uskedaling og lokalhistorikar Harald Sætre opplever no ikkje uventa at historia til ferjene på fjorden er godt og populært lesestoff. Boka Fram og tilbake over fjorden selde best i Rosendal Bokhandel og Kvinnherad Libris fjor. Dei lokale bøkene toppar i det heile salsstatistikken.

Dei fremste konkurrentane til Sætre si bok var årboka for Sunnhordland og boka om strandebarmaren. Men ingen av dei lokale bøkene nådde noko kjempeopplag.

Bokhandlar Bente Soldal i Rosendal opplyser til Grenda at det har vore god framgang i bokalet gjennom året.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

